

26 AUG 2014

Hordaland fylkeskommune  
v/Fylkesvaraordførar Mona Hellesen  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

21.08.2014

## Minnemarkering over symjaren Alexander Dale Oen

Symjaren Aleksander Dale Oen sette djupe spor etter seg i Øygardssamfunnet, Vestlandet, Noregs befolkning og store delar det internasjonale symjemiljøet.

Alexander var ein stor motivator og inspirator blant ungdom, ikkje berre i Øygarden, men over heile landet.

Det er eit ynskje for mange å heidra Alexander sitt minne og prestasjonar i symmebassenget ved å få reist ein skulptur av han, på hans **30 års dag 21.05.2015**. Skulpturen, med sokkel vil ha ein høyde på 1,5 m. Den vil symbolisere Alexander når han kjem opp av bassenget, då han tok VM gull i 2011.

### Minnekonsert

Etter samråd med familien vil skulpturen bli plassert i sjøkanten nær Kystmuseet i Ovågen, heimbygda til Alexander.

I samband med avduking av skulpturen, er det planar om å arrangera ein minnekonsert ved Kystmuseet.

Her vil blant andre elevar ved Øygarden ungdomskule delta med MOT-konsert. Alexander var elev ved denne skulen.

### Kostnad

Skulpturen vert laga av kunstnaren Arne Mæland. Kostnaden med skulpturen og nødvendig infrastruktur ifb. med plassering, samt minnekonsert er beregna til **NOK 1.mill.**

Kystmuseet i Øygarden vil vera fakturaadresse for alle utgifter og sponsorinntekter.

### Avduking

Det vert invitert personer frå det offisielle Norge til å føreta avduking av minnesmerket.



Øygarden kommune

### Spleiseland

Kystmuseet i Øygarden vil prøva på å få dekka kostnaden gjennom eit spleiseland. Øygarden kommune, VisjonVest (SPV), Statoil Kolsnes/Sture, CCB og Gasnor har alt bidratt til spleiselaget med ulike beløpsstorleikar.

***Det vert med dette søkt om et tilskot på NOK 100.000,- frå Hordaland fylkeskommune.***

Alle sponsorer vil få firmanamnet sitt på minneplata.

Håper på positiv tilbakemelding.

Dersom de treng fleire opplysningar, ta gjerne kontakt.

Med helsing

**Øygarden kommune**

Otto Harkestad

-ordførar-

Ottar Vik  
Prosjektkoordinator  
[ottavik@online.no](mailto:ottavik@online.no)

48210475

**Kystmuseet i Øygarden, Museumsvegen 9, 5337 Rong  
Organisasjonsnr. 979975724  
Bankkonto 3628 53 00147**

**øygarden** ?